



Mål: Legge til rette for ein god overgang barnehage – skule, i tråd med nasjonale og lokale planer.

Årshjulet er frå og med 24.05.2005 forpliktande for alle barnehagar og barneskular i Sula og skal innarbeidast i årsplanane

Tid	Ansvar	Aktivitetar	Målsetting	Aktuelle deltakarar
Aug/ sept	Barnehagen v/ styrar	Bhg. informerar rektor om barn som skal byrje på den enkelte skule komande haust, talet på barn som har spes.ped. hjelp, styrking og framandspråklege barn.	Å sikre at skulen får informasjon om behov i barnegruppa, for å kunne planlegge eit godt skuletilbod og sikre at skulen har naudsynt kompetanse.	
Aug	Barnehage v/Styrar	Barnehagen og skulane møtast for å konkretisere og gjere avtalar om tema/ aktivitetar/ dato for felles aktivitet i inneverande barnehage/ skuleår. 1-2 møter som minimum i tillegg til innskulingsdagane. Forventningar frå skulen og barnehagen t.d kva gjer ein/legg ein vekt på t.d i 1.klasse, førskulegruppe og språkgruppe. Utveksle informasjon om t.d korleis ein legg til rette for tilpassa opplæring (Sjå temahefte: «Frå eldst til yngst).	Fordele ansvar for oppgåver og sikre at felles aktivitetar er med i handlings- og verksemdplanar. Legge grunnlag for eit godt samarbeid gjennom at dei tilsette blir kjende med kvarandre og får auka kunnskap om og kjennskap til innhaldet i barnehagen/ skulen. Utveksle info om årets førsteklassingar.	Styrar, skuleleiarane, ped.leiarane lærarane og andre aktuelle tilsette t.d spesiallærarar.
Før innskriving	Styrar/ foreldre	Søknad om utsett og framskoten skulestart frå foreldre, jamfør rutinar	Få avgjort retten før innskriving.	Foreldre, styrar, skule, PPT
Første veka i Nov.	Skulen v/ rektor	Innskrivingsdagar. Rektor skal nytte eit felles innskrivings skjema og samtykkeskjema for info. om eleven i dialog med foreldra, der foreldra godkjenn/ikkje godkjenn at skulen innhentar opplysningar om barnet frå barnehagen og PPT.	Skrive inn barna på den skulen dei skal gå på. Sikre god informasjonsflyt frå barnehage til skule.	Skuleleiinga, kontaktlærar.
Etter innskriving Nov./ 15.Jan	Rektor	Overføringsmøte om 5-åringar med spes.ped hjelp i bhg. Gi info om barnet sine vanskar, behov, utvikling og tilbodet som barnet har i bhg. Dette gjeld også barn som ikkje går i barnehage i Sula. Oppdatert pedagogisk rapport skal vere ferdig til overføringsmøte. Samtykke til sakkunnig vurdering og vedtak for dei barna som det er heilt klart ikkje vil ha eller kan få utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, blir tatt opp i møtet (Rutine for spesialundervisning i grunnskulen og rutine for spes.ped.hjelp før opplæringspliktig alder).	Gje grunnlag for skulen si fordeling av ressursane. Etablere vidare samarbeid for å sikre ein god overgang og at skulen skal kunne møte barna på best mogleg måte og legge til rette for god læring.	PPT, foreldra, skule, bhg, Sfo og andre aktuelle instansar.
Okt - Mai	Styrar/ rektor	Gjennomføring av planlagde aktivitetar barnehage - skule.	Bli kjent og trygg.	Ped.leiarar og 1.kl lærarar.
Innan 10.mai	Styrar	Barnehagen sender ny og oppdaterte liste over barn som skal byrje på skulen.		
Mai	Skulen v/rektor	Innskulingsdagar: opplegg for barn og foreldre. Skulen sender informasjonsskriv om innskulingsdagane til foreldre og barnehagane. Dette skal også tilpassast fleispråklege familiar/barn. Foreldra har ansvar for å følgje barna innskulingsdagane. Foreldremøte ved rektor og Sfo-leiar, og høve til ein individuell samtale med Sfo-leiar.	Barn/foreldre får bli betre kjent med skulen sin. Avklare gjensidige forventningar. Barnehagen får kjennskap til org. og innhald i god tid og kan vere med på å førebu barna. God informasjon til foreldre/barn.	Barn, foreldre, skuleleiinga, kontaktlærar og Sfo-tilsette.
Før innskriving i Mai	Rektor	Før innskulingsdagane tek rektor initiativ til eit møte mellom barnehagane og 1. kl. lærarar, for å innhente meir info om alle barn det er gitt samtykke til informasjonsutveksling. Overlevering av dokumentasjon som t.d TRAS og skjema om barnet si språkhistorie (fleispråklege barn). Styrar/ped.leiar har ansvar for at foreldre/føresette informert om informasjonsutvekslinga.	Overføre informasjon om alle barn.	Pedagogiske leiarar, 1.kl lærarane, Sfo leiarar mm.
mai/ juni	Oppvekst-administr.	På mellomleiarssamling oppvekst evaluerer ein årshjulet og samarbeidet i året som har gått Avtale dato for innskulingsdagane.	Etablere samarbeid mellom barnehagen og dei skulane som barna skal byrje i året etter. Avklare forventningar til samarbeidet. Kartlegge behov for kompetanse.	Styrarane, rektorane, SFO, 1. kl lærarar, ped.leiarar.
Juni	Langevåg skule	Oppstart 1. og 2. klassenettverk.	Erfaringsutveksling og kompetansebygging.	Personale i 1. og 2. kl og PPT

